



Notat

Dato: 18.11.24
Saksbehandler: Olga Hilmo

Utlysing: Vil du bli medlem av ekspertpanelet for Framandartslista?

Artsdatabanken søker dyktige og engasjerte ekspertar med kompetanse innan økologi, taksonomi og framande artar sin påverknad på naturmangfaldet. Har du den nødvendige fagkunnskapen? Då oppmodar vi til å melde deg interessert innan 30. november!

Ekspertpanelet si hovudoppgåve er å oppdatere risikovurderingane når ny kunnskap er tilgjengeleg, mellom dei planlagde artsgrupperevisjonane.

Som medlem av panelet blir du oppnemnd for minst tre år. Arbeidet i panelet er budsjettert til 55 000 kr per ekspert per år (med årleg prisjustering), bortsett frå i periodar med artsgrupperevisjon. Det inneber at artsgrupper som skal reviderast i 2025/26, vil bli representerte i panelet etter at artsgrupperevisjonen er publisert.

Ekspertpanelet har òg tilgang til ein ekstra buffer for å oppdatere vurderingar eller for å risikovurdere nye artar. Om det oppstår behov for spesifikk kunnskap som ikkje finst i ekspertpanelet, kan det vurderast å hente inn ekspertise utanfor panelet.

1. Krav til deg som ønskjer å sitje i panelet

Det er eit mål at ekspertpanelet skal ha brei kunnskap om framande artar sin økologi, populasjonsbiologi, utbreiing og taksonomi.

Vi søker deg som:

- Har kunnskap om ei eller fleire av følgjande artsgrupper: algar, amfibier, fiskar, flatormar, fuglar, kromistar, limniske invertebratar, marine invertebratar, mosar, pattedyr, planter, terrestriske invertebratar, reptiler, rundormar og soppar. Det er ein fordel om du kan vise til kompetanse på fleire artsgrupper.
- Har kunnskap om kva påverknad framande artar kan ha på naturmangfaldet.
- Vil halde deg oppdatert på nye artar som vert rapportert i Noreg, inkludert moglege dørstokkartar for Noreg.
- Har gode samarbeidsevner og gode kunnskapar i norsk skriftleg.

Du må òg vere:

- Leveringsdyktig med omsyn til kontraktsfristar.
- Fagleg uavhengig. Det vil seie å representere relevante vitskapelege institusjonar eller institusjonar, og ikkje representere interesseorganisasjonar, næringsorganisasjonar, forvaltninga eller andre aktørar som kan medføre mogleg interessekonflikt.

Tidlegare erfaringar med risikovurdering for Framandartslista tel positivt.

2. Slik melder du di interesse

Alle interesserte må sende inn CV og ein kortfatta tekst (ca. ½ side) som opplyser om:

- Relevant kompetanse for dette arbeidet
 - Kva artsgruppe(ar) du har best kompetanse på.
 - Om du har erfaring med metoden vi bruker i risikovurderinga av framande artar.
 - Kva type problemstillingar du har arbeidd med (til dømes taksonomi, økologi og populasjonsbiologi).
- Om du ønskjer å vere komitéleiar eller ikkje (nevn artsgruppe(r)).
- Din timepris for 2025
- To referansar, der minst éin må vere utanfor eigen institusjon.

Send søknaden til postmottak@artsdatabanken.no innan 30. november. Merk e-posten med saksnummer 2024/118.

Alle interesserte vert vurderte objektivt basert på nemnde oppnemningskriterium, inkludert ei balansert kjønns- og alderssammensetning. Om fleire kandidatar har lik kompetanse, vil den som òg ønskjer å vere komitéleiar verte prioritert.

Alle som melder sin interesse, vil motta svar frå Artsdatabanken om resultatet av vurderinga.

Artsdatabanken oppnemner først ekspertpanelet og komitéleiarar. For dei som ønskjer å sitje i ein ekspertkomité med ansvar berre for artsgrupperevisjonen, vil det kome ei utlysing seinare. Utlysinga vil gjelde dei artsgruppene som skal reviderast i 2025/2026.

3. Tidsplan for risikovurdering

Tidsplan for risikovurderinga er gitt i figuren under:

Grå celler i figuren viser perioden avsett til revisjon av kvar artsgruppe; hausten 2026 og våren 2027 er til dømes avsett til revisjon av algar. Lys blå strek mot slutten av revisjonsperioden markerer innsyn, medan den påfølgjande lilla streken viser publisering – det blir altså innsyn og publisering av algevurderingane våren 2027. Mellom åra med artsgrupperevisjon vil det oppnemnde ekspertpanelet sørge for å oppdatere vurderingane ved ny kunnskap. Slike oppdateringar vert publiserte

kontinuerleg i perioden markert med gult. Merk at tidsplanen for artsgrupperevisjon kan bli justert i samråd med involverte ekspertar.

Artsgruppe	År 20...																															
	25 ^{BN}	26	27 ^{RA}	28	29	30	31 ^{BN}	32	33 ^{RA}	34	35	36	37 ^{BN}	38	39 ^{RA}	40	41															
	V	H	V	H	V	H	V	H	V	H	V	H	V	H	V	H	V	H														
Alger																																
Amfibier og reptiler																																
Fisker																																
Fugler																																
Karplanter																																
Limniske																																
Marine																																
Moser																																
Pattedyr																																
Rund- og flatormer																																
Sopper, <u>kromister</u>																																
Terrestriske <u>invertebr.</u>																																

Planlagd tidsplan for risikovurderingar. Perioden for artsgrupperevisjonar er markert med grå celler, innsyn og publisering er vist med lys blå og lilla strek. Vurderingane kan oppdaterast i perioden markert med gult.